

Tiltaksstrategi for Nærings- og miljøtiltak i Skogbruket

**Hjelmeland kommune
2026-2029**



Foto: Kristofer Tveiterå

Utarbeidd av Hjelmeland kommune



HJELMELAND
KOMMUNE

Innhold

Strategi og retningslinjer for NMSK til skogkultur	3
Bakgrunn	3
Overordna føringar	3
Regelverk	3
Prosessen	3
Fakta om skogareala	4
Aktivitetsoversikt siste 10 år	4
Prioriterte tiltak	5
Vurdering av behov	6
Mål	6
Hovudutfordringar	6
Strategiar og tiltak	8
Tilskot til skogsvegar, taubane o.a. 2026	9
Formål og bakgrunn	10
Overordna føringar	10
Status og behov	10
Regelverk	13
Prosessen	14
Tilskot til taubane o.a.	14
Tilskot til bygging av skogsvegar	17

Tiltaksstrategien gjeld for 3 år.

Den 3 årige tiltaksstrategien er behandla politisk i formannskapet den
15.01.2026

Strategi og retningslinjer for NMSK til skogkultur

Bakgrunn

Hovudformålet med strategien er å stimulera til auka verdiskaping i skogbruket på ein berekraftig måte. Gjennom ulike tilskotsordningar vil kommunen i samarbeid med blant anna lokale skogeigarlag, bondelag og bonde- og småbrukarlag, vere med å utvikle skognæringa ytterlegare i tråd med overordna og regionale føringar for skogpolitikken. Ressursoppbygging – oppbygging av kvalitetsskog og infrastrukturtiltak - er framheva som sentrale satsingsområde.

Overordna føringar

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 – 2037
- Handlingsplan Landbruk 2024 - 2028
- Hovudplan for skogsvegar
- Kystskogmeldinga
- Handlingsplan for skogbruket i Rogaland
- Regionalplan for energi og klima i Rogaland
- Regionalplan for landbruket i Rogaland
- Kystskogmeldinga (2022)
- *Klimakur 2030*

Regelverk

Utarbeiding av tiltaksstrategien og og bruken av ulike tilskotsordningar er heimla i «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket»

Kommunen har ansvaret for tilskot til skogkultur, tynning, miljøtiltak og andre tiltak innan skogkultur, i tillegg har ein ansvaret for tilskot til skogsvegar og taubane. Statsforvaltaren saman med kommunane i Rogaland har utarbeida eigne felles retningslinjer NMSK tilskot og for tilskot til taubane og skogsveg.

Prosessen

Saman med Statsforvaltaren, kommunane og næringsaktørar i Rogaland er det eit forslag om å laga felles retningslinjer for NMSK tilskot.

Hjelmeland kommune har i mange år hatt ei “støtte- og referansegruppe for landbruket”. Den består av representant frå skogeigarlaget, bondelaget, bonde- og småbrukarlaget, politikar og administrasjon på landbruk.

Det var møte *den 04.12.2025* i denne gruppa bla i samband med revidering av strategi og retningslinjer for NMSK-midlane.

Fakta om skogareala

Totalt skogareal: **147 258** daa

Produktivt skogareal: **56 084** daa

Skogareal fordelt på treslag:

- Gran – 19 054 daa
- Furu – 22 769 daa
- Lauv – 14 261 daa

Tilvekst: **24 892** m³ årleg

Tilvekst fordelt på treslag:

- Gran – 14 800 m³ årleg
- Furu - 5 631 m³ årleg
- Lauv - 4 461 m³ årleg

Aktivitetsoversikt siste 10 år

Hogst (med fordeling på treslag for å kunne vurdere behov for planting best mogleg)


2015 – 22 036 m³ totalt, 19 344 m³ gran, 2386 m³ furu,
2016 – 16 525 m³
2017 – 31 530 m³
2018 – 15 028 m³
2019 – 16 280 m³ totalt, 14388 m³ gran, 1892 m³ furu
2020 - 24 468 m³
2021 – 3 051 m³
2022 – 1 988 m³
2023 - 9 031 m³
2024 – 5 137 m³
2025 – 4 916 m³

Ein reknar ca 50 m³ pr da når det er snakk om hogst av gran. Ca 15 m³ for furu. Ca 8 m³for lauvtre.

Planting og ungskogpleie

2015 – planta 589 da, 284 da ungskogpleie
2016 – planta 393 da, 163 da ungskogpleie
2017 – planta 311 da, 20 da ungskogpleie
2018 – planta 525 da, 40 da ungskogpleie
2019 – planta 120 da, 50 da ungskogpleie
2020 – planta 200 da, 309 da ungskogpleie
2021 – planta 102 da, 96 da ungskogpleie
2022 – planta 320 da, 196 da ungskogpleie
2023 – planta 86 da, 409 da ungskogpleie
2024 – planta 127 da, 282 da ungskogpleie
2025 – planta 211 da, 502 da ungskogpleie

Samanstilling mellom hogd og planta areal 2015-2025.
Endring i barskogareal heile kommune kvart einskild år 2015-2025



Prioriterte tiltak

Oppbygging av kvalitetsskog – herunder oppfølging av foryngingsplikta og infrastrukturtiltak/skogsvegbygging har førsteprioritet.

Det er mindre hogstaktivitet i Hjelmeland dei siste åra samanligna med før 2020.

Ein plantar rundt same areal som blir avvirka, men ein har fortsatt eit etterslep for det som er hogd før 2020. Forynging av hogstflatene er prioritet nummer ein.

Deretter kjem ungskogpleie på areal som er planta dei siste ca 5-15 åra. Hogst

av ung granskog gjer at tilveksten går kraftig ned, rådgiving for å hindre hogst av ungskog vil vera viktig om ein skal auke tilveksten i kommunen. Det er ønskjeleg å vri hogsten frå ung granskog til eldre furuskog.

Oppfølging av plantefelta etter at dei er planta er viktig. Kommunen prioriterer difor høgt tilskot ved suppleringsplanting, både fordi supplering er dyrare enn nyplanting, og fordi skogeigar har brukt mykje av skogfondet til ordinær planting, og har lite skogfond å ta av til suppleringsplanting.

Ungskogpleie er viktig for produksjon av kvalitetsskog. Både tida trea treng for å bli store og robuste i høve til konkurranse om lys og næring, men ikkje minst på grunn av skader på toppskot og likande på kvalitetsskogen dersom det står konkurrerande tre for nær i feltet. Ein ser ein auke i ungskogpleie dei siste åra, og dette skyldes truleg tilgang på lokal arbeidskraft til skogkultur i kommunen.

Vurdering av behov

Plantebehov

Ut frå hogst- og planteaktivitet ca siste 10 åra er det fortsatt eit etterslep på planteaktiviteten. Det vil vera nødvendig med mykje meir planting for å oppretthalde skogproduksjonen ein har i dag, der ein i dag har ei avskoging av den produktive skogen i Hjelmeland.

Ungskogpleie

Normalt betyr planting på høg og super bonitet at ein må inn med minst 2 rundar med ungskogpleie. Ut frå plante- og ungskogpleiestatistikken dei siste 10 – 15 åra er det eit behov for meir ungskogpleie.

Mål

- Auka årleg tilvekst på 15% i produksjonsskogen frå nivået i skogbruksplanen taksert 2006
- 500 dekar ungskogpleie

Hovudutfordringar

Hjelmeland kommune er ein av dei 3 størst kommunane i Rogaland på skog i høve til hogstvolum når ein ser over ein lengre periode. Mykje av arealet som er blitt hogd dei siste 10 åra er ikkje lengre i skogproduksjon. Dette skjer i tillegg til at skogen generelt blir hogd veldig tidlig, og ein får ikkje utnytta tilveksten på ein god måte. Dette gjer at ein får ei avskoging av den produktive skogsmarka.

Dette vil få konsekvenser for den fremtidige ressurstilgangen på tømmer i fremtida, samt mykje lågare CO² binding i skogane i Hjelmeland. Grunnen til at det er mykje areal som forvinn ut av skogproduksjon er samansatte, og er heller ikkje unik for Hjelmeland kommune.

Ein del av hogstarealet er omdisponert til beite. Mykje blir godkjent som beite innan fristen på 3 år frå hogst (jf foryngelsesplikt i skoglova § 6), medan noko blir regulert til andre formål, og noko blir det ikkje gjort noko med. Det er særleg arealet der det ikkje blir gjort noko som er den største utfordringa, ettersom det er areal som i prinsippet blir tatt ut av produksjon. Ein ser ei betring på foryngelse etter hogst dei siste 5 åra, og fleire hogstflatar blir værande til skogproduksjon.

Planting:

Tilskuddsprosent

Planting etter hogst av gran	30%
Planting etter hogst av furu og lerk	50%
Planting etter hogst av lauv	60%
Suppleringsplanting	60% + TTP (30% i 2025)
første 75 pl	
Såing	50%

Planter pr dekar: Det gis kun tilskudd til planting opp til øvre grense for tettare planting vist i tabellen under. Kostnad for dei plantene over dette vil få 0 % tilskudd. Skjer automatisk i ØKS i dag.

Bonitet	Maksimum plantetall pr dekar som danner grunnlag for tilskudd
26+	270
23	270
20	250
17	230
14	210
11	180
8	150

Andre tiltak

Tilskuddsprosent

Ungskogpleie	60%
Gjødsling	50%
Markbereding	50%
Flaterydding	50%
Grøfing, suppleringsgrøfing og grøfterensk	50%
Felling av nyttbart lauv	50%
Inngjerding	30%

Vilkår

1. Rettleiande kostnadsgrenser og maksimalsatsar for skogkulturkostnader utarbeida av Statsforvaltaren skal leggjast til grunn for utmåling av støtte.
2. Det skal berre brukast godkjente treslag og proveniensar i tråd med Skogfrøverket sine anbefalingar for kommunen i høve område og høgdelag.

Strategiar og tiltak

- Bruke aktivt dei informasjonskanalane som finst mot målgruppa. Legg ut tiltaksstrategien på nett med oppfordring om at andre relevante aktørar kan linke dette opp på sine heimesider. Orienterer i informasjonsskrivet “Bondeposten” om tilskotsordningane i skogbruket lokalt.
- Arrangera skogdag med skogkultur som tema saman med lokalt skogeigarlag m.fl.
- Informasjon på det årlege landbruksmøte om ordningar/plikter innan skogkultur.
- Få til samarbeid med næringsaktørane for å unngå dobbeltarbeid i forhold til blant anna plantebestillingar. Be om rapportar slik at ein får oversikt over bestilte oppdrag – planting og ungskogpleie.

Tilskot til skogsvegar, taubane o.a. 2026



Felles overordna retningslinjer

Prioritering av tilskot og saksbehandling

Gjeldande for alle kommunane i Rogaland frå 1. januar 2026

Formål og bakgrunn

Hovudformålet med tilskotsordninga er å auke verdiskapinga frå skogen gjennom god utnytting og berekraftig hausting av skogressursane. Gode og framtidsretta vegløysingar uavhengig av eigedomsgrenser er sentralt og avgjerande for optimal utnytting av skogareala.

Klimaendringane, utfordrande topografi og industrien sine krav til ferskt råstoff gjennom heile året stiller store krav til planlegging, vegstandard og driftsmetodar. Bruk av taubane til uttak av tømmer er ein miljøvennleg driftsform utan tekniske inngrep i terrenget som reduserer faren for ras og erosjon, og vil vere viktig for å kunne utnytte skogressursane i det mest utfordrande og brattaste terrenget. Effektiv/økonomisk taubanedrift vil vere avhengig av gode vegløysingar.

Det er lagt ned stor innsats med å utarbeide hovudplanar for skogsvegar i dei fleste kommunane. Hovudplanane vil vere ei viktig rettesnor for styring av dei økonomiske verkemidlane og mobiliseringsarbeidet for å få gjennomslag for gode felles vegløysingar. Godt planlagte vegløysingar er svært viktig for økonomien og sluttresultatet av skogsdrifta.

Det har vore og er lite hogstmoden granskog tilgjengeleg i Rogaland. Dei siste åra har det vore rekordstor hogstaktivitet, der over 80 % er granhogst. Det har vore ei kraftig overavverking på gran, og uttak av gran lenge før skogen er hogstmoden. Ordninga vil difor leggje vekt på tiltak som vrir hogsten over på furu- og lauvskog, og der det samtidig vert lagt til rette for å auke skogproduksjonen vesentleg med ny rettvaksen kvalitetsskog.


Overordna føringar

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Meld. St. 6 (2016-2017) Verdier i vekst. Konkurransedyktig skog- og trenæring
- Meld. St. 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021-2030
- Kystskogmeldinga (2022)
- Hovudplan for skogsvegar

Status og behov

Rogaland har svært gode forhold for skogproduksjon. Tal frå siste fylkestakst* viser at over 55 % av det produktive skogarealet har ein potensiell bonitet på G17 eller betre. Gran utgjer 16 % av det produktive arealet på 1,42 mill. dekar. Gran står for 50 % av årleg tilvekst på totalt 500 000 m³ – figur 1 og 2.



Figur 1 og 2

Fylkestaksten viser at 54 % av volumet med hogstmoden skog står i bratt og vanskeleg terreng med stigning over 33 %. Taubanedrift med gode vegløyseringar tilpassa taubane vil vere einaste aktuelle driftsmetode for ein stor del av desse skogareala.

Vegdekninga i Rogaland er låg og på litt over 5 meter skogsbilveg per hektar. Til samanlikning så har dei tradisjonelle skogfylka over 10 meter skogsbilveg per hektar produktivt skogareal. Fylkestaksten viser at 55 % av hogstmodent volum står lengre enn 500 meter frå nærmaste skogsbilveg.


Historisk er det bygd mange traktorvegar i Rogaland for å sikre tilkomst til skogareala. Svært mange av desse vegane har ikkje ein standard. Desse er ofte ikkje tilpassa moderne drift og driftsutstyr, og dagens krav til kostnadseffektiv drift med kort avstand til skogsbilveg.

Det er utarbeidd hovudplanar for skogsvegar i dei fleste litt større skogkommunane. Planane visar eit vegbyggingsbehov på 260 km. Realisering av dette i løpet av ein 15-årsperiode betyr at det må byggjast over 17 km årleg. Med den store kostnadsauken vi har sett dei siste åra, vil vi ha eit investeringsbehov på minst 25 mill. kr årleg (1500 kr/meter i gjennomsnittspris). I tillegg kjem utbygging av sekundærvagnettet - traktorvegar.


Vegbyggingsaktiviteten dei siste åra ligg godt under vurdert behov ut frå tal i hovudplanane. Det har i gjennomsnitt blitt ferdig bygd 6,5 km skogsbilveg årleg i perioden 2015 -2024. Fordeling mellom nyanlegg skogsbilveg og ombygging til skogsbilveg har vore fordelt 50/50. Framover ser vi for oss eit større behov for ombygging av traktorvegar og i tillegg nyanlegg av skogsbilvegar for å sikre rasjonell og framtidsretta hausting og fornying av skogressursane.

Taubaneaktiviteten har vært relativt liten med totalt uttak på 8000 m³ de siste 3 åra.


Oversikt over vegbyggingsaktivitet, kostnadsutvikling og driftstilskot går fram av figur 3, 4 og 5 under.



Figur 3



Figur 4



Figur 5

*NIBIO Ressursoversikt 02/2013 - Landskogtakseringen

Regelverk

Forvaltninga av tilskot til skogsvegar og taubanedrift, hest o.a. er heimla i «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» § 3, 5 og 7.

Vedtaksmynde og ansvar for sakshandsaminga er lagt til kommunen, og det skal utarbeidast overordna retningslinjer for tilskot til skogsvegar og taubanedrift, hest o.a. Retningslinjene skal utarbeidast i dialog mellom Statsforvaltaren, kommunane og næringsorganisasjonane.

Retningslinjene skal vere styrande for prioritering av tilskot og forvaltning/praktisering av tilskotsordninga.

Naturmangfaldlova

Alle saker og vedtak skal i utgangspunktet vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova. Men dette er ikkje nødvendig i samband med vedtak om tilskot til skogsvegar, fordi prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8- 12 allereie er vurdert i samband med handsaming etter «landbruksvegforskrifta».

Generelt for hogsttiltak er at det ikkje er krav til sakbehandling og vurderingar etter Naturmangfaldslova og dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12. Det er slik at miljøkrav nedfelt i Skogbrukslova og tilhøyrande "Forskrift om bærekraftig skogbruk" og Norsk PEFC Skogstandard gjeld for alle hogsttiltak.

Unntaket er førehandsgodkjenning av tilskot til taubanedrift og ordinært driftstilskot. Her skal dei miljørettslege prinsippa § 8-12 i naturmangfaldlova vurderast og gå fram av saksutgreiing/ vedtak.

Prosesen

Felles overordna retningslinjer for tilskot til skogsveggar og taubenedrift o.a. for alle kommunane i Rogaland er utarbeida i samarbeid mellom kommunane, skognæringa og Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har vore sekretær for revisjonsarbeidet etter ynskje frå kommunane.

Dei reviderte retningslinjene byggjer på "*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*", og tidlegare felles retningslinjer for alle kommunane frå 2022.

Forslaget til mindre justeringar av retningslinjene blei sent ut på høyring 7. februar 2025 med frist for innspel og merknadar 31. mars 2025. Det var ingen store endringar i forslaget som blei sendt ut utover innstramming i driftstilskot til «Styrking av eksisterande veginvesteringar». Tilskot elles er foreslått uendra. Rutinar rundt saksbehandling og førehandsgodkjenning av alle drifter er uendra. Det vi har fått inn av merknadar støttar forslaget til justeringar/innstramming av felles retningslinjer for tilskot til skogsveggar, taubane o.a..

Etter innspelsrunden har vi hatt et Teamsmøte 23. juni 2025, der vi landet endlege felles retningslinjer for «Tilskot til skogsveggar, taubane o.a. 2026». Eneste endring etter innspel på teamsmøte var tidspunkt for ikraftredelse fram i tid.

Felles retningslinjer for tilskot til skogsveggar, taubane o.a. 2026 for prioritering av tilskot og saksbehandling trer i kraft og gjeld for alle kommunane i Rogaland frå 1. januar 2026.

Kommunane må sjølv vurdere korleis dei sikrar god forankring og marknadsføring av desse endringane. Vi vil tilrå at desse blir ein del av NMSK – strategien for skogkultur, og at det er naturleg behandle dette saman med nye felles tilskuddssatser til skogkultur som også blei landa på same temasmøte 23. juni 2025.

Tilskot til taubane o.a.

Verkeområde

Tilskotsordninga gjeld ved bruk av taubane, slepebane og løypestreng. I tillegg kan det gis tilskot til skogsdrifter der driftskostnadane er spesielt høge på grunn av lang terrengtransport, og til drifter der ein styrker veginvesteringane i område med gode og etablerte skogsbilvegløysingar ved å få større og meir samanhengande felt med høgproduktiv kvalitetsskog.

Alle private og offentlege skogar over 10 dekar er omfatta av ordninga. Areal som skal omdisponerast til andre formål enn skogbruk fell utanfor ordninga.

Vilkår for tilskot

- Det skal takast omsyn til skogområda sine funksjonar med tanke på biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv.

- Det er krav om at det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området. I område utan MiS-registreringar, skal det gjennomførast føre-var-tiltak som er nedfelt i Norsk PEFC Skogstandard.
- Arealet skal tilplantast etter hogst.
- Krav til hogsmodenhet og minimumsalder for gran – sjå tabell under.

• Bonitet	• Lågaste totalalder
• G23 og betre	• 65 år
• G20	• 75 år
• G17	• 85 år

- Tilskotet og drifta skal ikkje undergrava utbygging av eit rasjonelt vegnett.
- Det skal leggjast til grunn god arrondering av hogstfeltet for å sikre eit rasjonelt driftsopplegg og god utnytting av skogressursen.
- Alle søknader om tilskot til både taubanedrift og ordinær driftsmetode/driftstøtte krev førehandsgodkjenning av kommunen med vurderingar etter naturmangfaldlova - § 8-12.

Tilskotssatsar

Taubane:

- *Banelengde under 150 m:*
70 kr/fm³ for gran, **150 kr/fm³** for furu og **175 kr/fm³** lauv
- *Banelengde over 150 m:*
140 kr/fm³ for gran, **300 kr/fm³** for furu og **350 kr/fm³** lauv
- *Bruk av lekter påmontert taubane, ev. kombinasjon med spesialutstyr:*
140 kr/fm³ for gran, **300 kr/fm³** for furu og **350 kr/fm³** lauv

Ordinær driftsmetode:

Driftstilskot for lang terrengtransport

I område der det ikkje er økonomisk grunnlag for å byggje veg og der terrengtransporten er over 500 meter, kan det utbetalast driftstilskot på **100 kr/fm³** til lauvdrifter og **50 kr/fm³** til furudrifter over 100 fm³.

Driftstilskot for styrking av eksisterande veginvesteringar

Det kan gis tilskot til ordinær hogst i furu- og lauvskog som bidrar til vesentleg auke i skogproduksjon gjennom treslagsskifte for styrking av eksisterande veginvesteringar. For furu gis det berre tilskot til drifter med mindre enn 10 m³/dekar

Drifta må være knytt til dekningssområdet til eksisterande og privat skogsbilveg med en lengde på minimum 500 meter og minimum vegstandard skogsbilveg vegklasse 4 etter «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse». Drifta skal skje gjennom fortetting og betre arondering i tilknytning til eksisterande plantefelt på minimum 20 dekar.

Det kan gis **100 kr/fm³** for furu og **150 kr/fm³** for lauv til drifter over 10 dekar.

Driftstilskotet styrking av eksisterande veginvesteringar skal ikkje overstige ei årleg ramme på maksimalt 750 000 kroner.

Søknad og saksbehandling

Alle søknader om tilskot til både taubanedrift og ordinær driftsmetode krev førehandsgodkjenning av kommunen med vurderingar etter naturmangfaldlova - § 8-12. Det inkluderer blant annan vurdering og utsjekk av viktige miljøverdiar i Naturbase og Artskart.

Ved søknad om førehandsgodkjenning skal ordinært søknadsskjema – «*Søknad om tilskudd til drift med taubane, hest o.a.*» (LDIR-916) med kartvedlegg brukast. Lenke skjema: [Tilskot til skogsdrift med taubane, hest og andre driftsmetodar - Landbruksdirektoratet](#)

Same skjema (Ldir-916) m/kartvedlegg som viser det endelege driftsområdet brukast når drifta er avslutta og for utbetaling av tilskot. Søknadsskjemaet skal ha underskrift av skogeigaren, og sendast til kommunen seinast 2 månader etter at drifta er avslutta.

Før utbetaling av tilskot skal kommunen ha vore på feltkontroll og godkjent gjennomføringa av drifta. Tilskotet kan betalast ut direkte til skogeigar eller tredjepart.

Oppfølging av brot på vilkår og ev. tilbakebetaling, dispensasjon, klage m.m. går fram av «*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*».

Tilskot til bygging av skogsvegar

Virkeområde

Alle større skogkommunar skal ha utarbeidd hovudplan for skogsvegar for tildeling av tilskot frå fylke. Vegbanken i ØKS skal brukast for å melde inn kommunevise behov.

Det kan gis tilskot til nybygging eller ombygging av eksisterande skogsvegar.

Det kan berre gis tilskot til vegar som er handsama og godkjent etter «*Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål*», eller etter plan- og bygningslova.

Det gis ikkje tilskot til enkel traktorveg vegklasse 8, vedlikehald og til veganlegg der anleggskostnadene er under 50.000 kroner

Det kan gis ekstra tilskot til vegplanlegging og byggeleiing utført av profesjonell, eller godkjent, vegplanleggjar.

Vilkår for tilskot

1. Vegen skal byggjast i samsvar med gjeldande «*Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse*», fastsatt av Landbruks- og matdepartementet 2016.
2. Før anleggsarbeidet settes i gong skal det foreligge ein byggjeplan med kostnadsoverslag godkjent av kommunen**.
3. Ein føresetnad for tilskot er at dekningsområdet (skogdelen av dekningsområdet for veganlegg med andre interesser) vert nytta til skogbruksformål og at ein sørgjer for vedlikehald av vegen.
4. Veglinja skal vere stukken i marka og byggjast etter den godkjende veglina, og det skal takast omsyn til naturmiljø, friluftsliv og kulturminne ved bygging av vegen.
5. Grunn til veganlegget og eigna areal for virkeslevering må vera sikra/avklart.
6. For større fellesanlegg skal det etablerast eit veglag/vegforening med eit ansvarleg styre.
7. Underskriven vedlikehaldsavtale må vere ordna før utbetaling av tilskot.
8. Byggjeplanar som har verknad for andre styresmakter må vere avklart på førehand og dokumentert – eks: avkjøring Offenleg veg – Statens vegvesen. Kryssing større vassdrag – NVE/FM/RFK m.m.

9. Det skal stillast krav om hogstvilkår/eit bestemt hogstkvantum som må hoggast innan 8 år, eller unntaksvis 15 år. Det kan også setjast vilkår om planting av eit bestemt areal***.

***Krav til innhald i byggjeplan er spesifisert på baksida av søknadsskjema «*Søknad om tilskot til vegbygging*» (SLF-903) og omhandlar følgjande punkt/tema:

- Senterlinje
- Kart
- Lengdeprofil
- Tverrprofilar og masseutrekning
- Arbeidsbeskriving
- Kostnadsoverslag og mengdeoversikt

***Areal som inngår som plantevilkår skal teiknast inn på kart og følgja søknaden om tilskot. Vilkåra skal fastsetjast med utgangspunkt i skogbruksplan, eller etter ei skjønnsmessig vurdering av kommunen. Tommelfingerregel for skogbilvegar 120-140 kr i tilskot = 1 m³ i vilkår. For traktorvegar 100-120 i tilskot = 1 m³. For planting er 400 kr i tilskot = 1 dekar tilplanta. Ved fastsetjing av vilkåra kan hogstkvantum og planteareal vurderast med utgangspunkt i heile eigedomen.

Tilskotssatsar

- ✓ Traktorvegar 30 – 45 %
- ✓ Skogsbilvegar 30 – 60 %
- ✓ Ekstratilskot til bruk av profesjonell vegplanleggjar 3 %
- ✓ Ekstratilskot til byggeleiing v/profesjonell vegplanleggjar 3 %

Ekstratilskotet kjem på toppen av normal utmåling/vurdering av tilskotssats. Kommunen skal bruke poengskjema M-016 og andre opplysningar i søknaden som grunnlag for fastsetting av tilskotssats.

Berre unntaksvis kan det til skogbilvegar og større fellesanlegg ytast inntil 70 % tilskot. Anlegg i tråd med hovudplan skogsvegar, og der det er brukt ein profesjonell vegplanleggjar skal premierast med høgare sats.

Prioritering av tilskot:

- Vegar bygde som sams tiltak etter jordskifteloven skal ha prioritet framfor enkeltanlegg.
- Anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar.
- Større fellesanlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal.

- Vegar som medverkar til aktiv utnytting av furu- og lauvskog for å sikre god råstofftilgang til lokale sagbruk og bioenergianlegg.
- Bilvegar.
- Ombygging.
- Veganlegg med utgangspunkt i offentlig veg utan flaskehalsar som kan køyrast med fulle vogntog - 19,5 meter lengde og 10 tonn aksellast.

I tillegg skal kommunen bruke poengskjema M-016 for prioritering mellom veganlegg.

Tilskotsgrunnlag

Statstilskot skal normalt reknast ut på grunnlag av totale anleggskostnader. Tilskot og ytingar frå anna hald skal likevel gå til fråtrekk frå anleggskostnadene (eks. som jordbruksinteresser, kraftverk, hytter o.l.). Eventuell kostnad til veggrunn skal ikkje vera med i tilskotsgrunnlaget.

Utgifter til planlegging og byggjeleiing utført av profesjonell vegplanleggjar kan takast med i tilskotsgrunnlaget. Meirverdiavgift, rydding av veglinje, planleggingsmøte, rekneskapsføring, byggjeleiing i eigen/andres regi og verdien av eigne massar til bere- og slitelag i og langs vegen inngår ikkje i tilskotsgrunnlaget. Verdien/grunnverdien av bere- og slitelag som hentast frå massetak på eigen grunn, der same grunneigar står som byggherre/einaste interessent, inngår heller ikkje i tilskotsgrunnlaget. Transport og opplasting inngår som vanleg i tilskotsgrunnlaget.

Særlege omsyn

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader grunna dette gå inn i tilskotsgrunnlaget.

Der det er behov for å ta naudsynte miljøomsyn, kan ein kompensera for dette med ein noko høgare tilskotssats.

Søknad og sakshandsaming

Ved søknad om tilskot til skogsvegbygging skal ordinært søknadsskjema – «*Søknad om tilskot til vegbygging*» (LDIR-903) med kartvedlegg brukast. Krav til byggjeplan og kartvedlegget går fram av baksida på søknadsskjema. Lenke søknadsskjema: [Tilskudd til vebygging i skog - Landbruksdirektoratet](#)

For sluttutbetaling, eller delutbetaling, skal «*Rekneskapssamandrag for skogsveganlegg*» (LDIR-904) brukast. Lenke skjema: [Be om utbetaling for skogsveianlegg - Landbruksdirektoratet](#). Før sluttutbetaling skal feltkontroll av veganlegget vere gjennomført. Skjema «*Bygging av skogsvegar – Resultatkontroll*» (LDIR-913) skal brukast og

fyllest ut i samband med kontrollen. 20 % av tilskotet skal haldast igjen inntil vegen er ferdig godkjent.

Kommunen utbetaler vegtilskotet i ØKS. Alt må registrerast i ØKS - byggesøknad, søknad om tilskot, rekneskapssamandrag og resultatkontroll.

Det skal førast rekneskap for veganlegget. Utgiftspostane i rekneskapen må kontrollerast og dokumenterast med vedlegg/underbilag. Eige arbeid/arbeidsinnsats skal dokumenterast med timelister.

Byggjeperioden for ein veg som mottek statstilskot er inntil 2 år. Kommunen kan i spesielle tilfelle forlenga byggjeperioden med inntil 3 år.

Tilskot som ikkje er nytta innan utgangen av fastsett byggjeperiode vert trekt inn.

Oppfølging av brot på vilkår og ev. tilbakebetaling, dispensasjon, klage m.m. gårfram av «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket».

Vedlegg:

- Poengsskjema M-16
- LDIR - 916 Skjema søkand om tilskot til drift med taubane o.a.
- LDIR- 903 Søknad om tilskot til vegbygging
- LDIR-904 Rekneskapssamandrag for skogsveganlegg
- LDIR-913 Skjema resultatkontroll skogsvegar